

Auka flyaktivitet på Stord

23.09.2007

Det er igjen auke i flyaktiviteten på Stord Lufthamn etter den dramatiske nedgangen som skjedde då Atlantic Airways flytta charterflygingane sine til Haugesund.

Lufthamnsjefen, uskedelingen Jan Morten Myklebust, opplyser på heimesida at Coast Air venteleg vil auka aktiviteten på ruteflyginga si til og frå Oslo. Både administrasjonen på lufthamna og passasjerane har eit sterkt ynskje om at det blir sett inn meir kapasitet på denne ruta fredag ettermiddag, understrekar Myklebust.

Og frå og med måndag vil Bergen Air Transport flyga charter Stord-Molde. Passasjerar er tilsette i Aker Kværner som skal på jobb på Aukra. Flyginga vil gå føre seg kvar måndag ut oktober og kan bli forlenga. Flytypen som blir nytta på desse flygingane er Beech-200 med plass til 12.

I august reiste 2.121 passasjerar over Sørstokken og det var 913 fleire enn i juli. Dei fleste reiste med Coast Air til og frå Oslo.

Men totaltalet ved utgangen av august var ikkje høgare enn 16.300 medan det reiste 54. 256 i same periode i fjor.

Av Ola Matti Mathisen